

ØYGARDEN BUSTADFORVALTNING KF - STYRET

MØTEPROTOKOLL

Møtedato:	04.05.2026
Møtestad:	Kommunedelsenter Skogsvåg - Møterom Lutatangen
Møtetid:	Kl. 14:00 - 17:00

Medlemer som møtte
Hege Renathe Glesnes
Torill Selsvold Nyborg
Trygve Andreas Wåge
Øyvind Atle Langedal
Bjørn Thorvaldsen

Møteleiar	Øyvind Atle Langedal
Møtesekretær	Nina Glesnes

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

Sakliste:

Sak nr.	Sakstittel	Uoff
013/26	Godkjenning av innkalling og saksliste, samt merknadar til protokoll	
014/26	Referatsaker og orienteringar	
015/26	Øygarden Bustadforvaltning KF - Årsmelding og Årsrekneskap for 2025	
016/26	Rekneskapsrapport pr. 27.04.2026	
017/26	Spørsmål	

013/26: Godkjenning av innkalling og saksliste, samt merknadar til protokoll

Forslag til vedtak:

Det er ingen merknadar til innkalling, saksliste, og protokoll.

Øygarden bustadforvaltning KF - styret 04.05.2026

Behandling i møtet

Sidan sist møte har mange protokollar kome til elektronisk signering. Vi fortset med å sende ut protokoll på epost etter kvart møte, slik at sakene kan kommenterast medan dei er ferske.

Votering

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 04.05.2026 - saksnr. 013/26

Det er ingen merknadar til innkalling, saksliste, og protokoll.

014/26: Referatsaker og orienteringar

Forslag til vedtak

Referatsakene og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Øygarden bustadforvaltning KF - styret 04.05.2026

Behandling i møtet

REFERATSAKER

RS 006/26 - Orientering om drifta - mars / april 2026

Det vart orientert om vedtak gjort i prosjektleiing for bustadsosialt arbeid, samt kommunestyret sitt vedtak om samordning av bustadforvaltning. Det er forventa at det blir førebudd ein ny driftsmodell som kan gjennomførast uavhengig av utfallet i Stiftelsesklagenemnda.

Mangelfull kommunikasjon med Øygarden kommune sin organisasjon/vanskar med å nå rett person eit diskusjonstema. Planar og bestemmelsar som blir gjennomført i kommuneadministrasjonen visar seg å ha konsekvensar for drift av bustadmassen utan at ØBF er involvert. Ein opplever mange slike saker, som viser at samordningsproblematikk strekkjer seg langt utover bustadforvaltninga. Dette er tidkrevjande og har ikkje positiv verknad for personar som ventar på ein stad å bu. Det er grunnlag for å konkretisere temaet i saker som kan takast opp med kommuneadministrasjonen.

ORIENTERINGAR

Det var ingen orienteringar i møtet.

Votering

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 04.05.2026 - saksnr. 014/26

Referatsaker og eventuelle orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

015/26: Øygarden Bustadforvaltning KF - Årsmelding og Årsrekneskap for 2025

Forslag til vedtak

Kommunestyret godkjenner rekneskapen og årsmelding 2025 for Øygarden Bustadforvaltning KF, slik det ligg føre. Rekneskapen for 2025 syner eit netto driftsresultat på kr - 102 426,26.

Kr 256 718,08 er tilrådd overført til ubunde disposisjonsfond i føretaket.

Øygarden bustadforvaltning KF - styret 04.05.2026

Behandling i møtet

Forslag til vedtak vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 04.05.2026 - saksnr. 015/26

Styret i Øygarden bustadforvaltning KF har slik tilråding i saka:

Kommunestyret godkjenner rekneskapen og årsmelding 2025 for Øygarden Bustadforvaltning KF, slik det ligg føre. Rekneskapen for 2025 syner eit netto driftsresultat på kr - 102 426,26.

Kr 256 718,08 er tilrådd overført til ubunde disposisjonsfond i føretaket.

016/26: Rekneskapsrapport pr. 27.04.2026

Forslag til vedtak

Styret tek rekneskapsrapport pr. 27.04.2026 til vitande slik den ligg føre.

Øygarden bustadforvaltning KF - styret 04.05.2026

Behandling i møtet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 04.05.2026 - saksnr. 016/26

Styret tek rekneskapsrapport pr. 27.04.2026 til vitande slik den ligg føre.

017/26: Spørsmål

Forslag til vedtak

Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.

Øygarden bustadforvaltning KF - styret 04.05.2026

Behandling i møtet

Vedtak i Øygarden bustadforvaltning KF - styret 04.05.2026 - saksnr. 017/26

Det var ingen ubesvarte spørsmål i møtet.